

Eg vil syne til sak 2017/2335 om avslutning av massetak i Alida som skal opp i forvaltningsutvalet i Volda kommune i morgon. Vi vil i denne samanheng kome med nokre presiseringar i saka.

Vi eig eit areal i Alida som sidan 2004 har vore nytta som massetak av ein entreprenør. Der har ikkje vore tatt ut masse sidan 2014, og det har vore problem med å inndrive leige samt oppnå kontakt med entreprenøren siste åra. Leigeavtalen gjeng ut ved nyttår, og grunneigar har valt å ikkje vidareføre denne. På grunnlag av dette så ynskjer grunneigar å få avslutta dette massetaket. Grunneigar og drivar av Gbnr 7/7 ser likevel at ein kan nytte seg av arealet i samband med gardsdrifta på Eikrem. Grunneigar og drivar av Gbnr 7/7 meiner det er særskild uheldig at massetaket i Alida har fått eit større omfang enn kva som var omsøkt. Ein kan argumentere for at vi har “sove i timen” her, men vi har hatt tiltru til entreprenør, og at han hadde orden i sysakene.

Det vert i saksutgreiinga konkludert med at kommunen har forståing for grunneigar sitt behov for opplagsplass i samband med gardsdrifta, men kommunen er likevel skeptisk til å fjerne vilkåra om at området skal stellast til etter at verksemda er avslutta. Ein syner til at gamle steinuttak vert ofte lagringsplass for bilvrak og linkande. Grunneigar og Volda kommune er einige i at bilvrak og anna avfall skal leverast til godkjent mottak. Dette har vore praksis frå vår side i fleire generasjonar, og vi gjer eit poeng ut av å ikkje lagre på rusk og rask. I samband med gardsdrifta vert der naturleg nok ein del utstyr for å løyse dei ulike oppgåvene ein har i løpet av eit år. Desse tek opp plass, og når ein styrer seg med traktor og utstyr er det viktig å ha plass nok rundt maskin og utstyr for å unngå ulykker og skader. Drivar ser det derfor som ein fordel å ha opplagsplass på eit område som både er stengt for uvedkomande, og som ligg litt utanfor allfarveg. Det er peika på at massetaket er skjerma for innsikt frå vegen, men at det synast godt frå sjøen heile året. Dette er bassert på ortofoto. Dette meiner vi er feil, då ortofoto er teke ved sist overflyging i 2012. Der har ikkje vore aktivitet i massetaket sidan 2014, og i dag er massetaket etter vårt skjønn lite synleg både frå veg og frå sjøen.

Grunneigar vil peike på at området er stengt med bom, det er såleis ikkje høve for andre enn grunneigar til å disponere arealet. Vidare er ikkje grunneigar og drivar framand for å stelle til området, og ein kan gjerne ha som vilkår at når gardsdrifta vert lagt ned så skal området tilbakeførast til om lag opphavleg situasjon.

Grunneigar og drivar av Gbnr 7/7 har vore tydeleg på at vi er løysingsorienterte i denne saka, og vi ser gjerne at det aktuelle arealet, eller det innskrenka arealet som vi foreslo i e-post av 20.09.2018 kan nyttast som opplagsplass knytt til gardsdrifta. Der er sjølvstykke andre alternativ, men ved å nytte seg av eksisterande opplagsplass i Alida så løyser ein arealbehovet til drivar av Gbnr 7/7. Med dette slepp ein søknad om å omdisponere dyrka mark eller beite rundt tunet på Eikrem - for å opparbeide opplagsplass der.

Beste helsing

Andreas Standal Eikrem, drivar av Gbnr 7/7.